



SKJEMA FOR ENDRING I RENOVASJONSGBYRET

Søknad om endring i renovasjonsgebyret, i medhald av forskrift om renovasjon - og slamgebyr etter ureiningslova § 26 og § 34 - for kommunane Aurland, Balestrand, Høyanger, Leikanger, Luster, Lærdal, Sogndal og Vik.

Som eigar av gnr..... bnr..... i kommune, søker eg om endring etter:

Kap 3.1
Kap 3.2
Kap 3.3
Kap 3.4
Kap 3.5
Kap 3.6
Kap 4.1.2
Kap 4.1.3
Kap 6.2.1
Kap 6.2.2
Kap 6.2.3
Slamtømming etter § 15 i renovasjonsforskrifta

Og grunnjev søknaden slik (ta med alle relevante opplysningar):

Bruk blokkbokstavar

.....
.....
.....
.....
.....

Ved endringar som har innverknad på renovasjonsgebyret, pliktar eg straks å gje melding til SIMAS.

Stad:..... **Dato:**.....

Eigar av gnr. **bnr.** **i** **kommune.**

Namn/Underskrift:.....

Adresse:.....

Telefon:

Mail:.....

NB! All relevant data i høve søknaden, samt gnr. og bnr. og adresse til søkjaren/eigaren skal oppgjevast.

Søknader om dispensasjon og søknader med heimel i ”Forskrift for innsamling av forbruksavfall og slamtømming”, skal sendast skriftleg til: **SIMAS, Amla, 6854 Kaupanger.**

Kapittel 3: EIGEDOMAR/HUSVÆRE SOM IKKJE ER I BRUK ELLER HAR REDUSERT BRUK

- 3.1 Bustadhus som står tomme i minst ½ år, kan etter søknad, få fritak for renovasjonsgebyr i den perioden huset står tomt. Fritaket vert gjeve i samsvar med kapittel 2.
- 3.2 Bustadhus som står tomme i ein tømmeperiode, kan etter søknad, få fritak for slamgebyret i den perioden huset står tomt. . Fritaket vert gjeve i samsvar med kapittel 2.
- 3.3 Hytter/fritidshus/fritidshusvære som står til nedfalls, eller ikkje er i bruk i det heile, kan etter grunnngjeven søknad, få fritak for renovasjon- og slamgebyr. Fritaket vert gjeve i samsvar med kapittel 2.
- 3.4 Bustadhus der det ikkje er fast busetnad og der huset berre vert nytta til fritidsføremål, kan etter grunnngjeven søknad, få renovasjon- og slamordning som gjeld for hytte/fritidshus/fritidshusvære. Endringa vert gjeve i samsvar med kapittel 2.
- 3.5 Husvære/hyblar i bustadhus som etter punkt 4.1.1 er definert som ei abonnementeining, kan etter skriftleg søknad få fritak for renovasjonsgebyr, dersom husværet står tomt i minst ½ år, eller dersom den vert nytta som del av hovudhusværet. Fritaket vert gjeve i samsvar med kapittel 2.
- 3.6 Bustadhus med berre ein hybel, kan etter søknad få fritak for det abonnementet som gjeld hybelen. Ein hybel er i denne forskrifta definert som eit eitt-roms husvære.

Kapittel 4: GRUNNLAGET FOR UTREKNING AV GEBYRET. SÆRSKILDE REGLAR

- 4.1.2 For bustadhus som ligg over 300 meter frå hentestad/samleplass, kan etter søknad få nedsett renovasjonsgebyret med inntil 30 % av opphavleg gebyr, utan omsyn til tabell 6.2 og punkt 6.2.
- 4.1.3 For bustadhus som ligg over 2 km frå tilvist stad for levering av våt organisk avfall til samkompostering, kan ein etter søknad få nedsett gebyret som gjeld levering til samkompostering, med inntil 40 % av opphavleg gebyr for samkompostering, utan omsyn til tabell 6.2 og punkt 6.2.3. Den delen som gjeld restavfall og papp/papir m.m., får abonnenten ikkje fråtrekk for.

Kapittel 6.2: REDUKSJON I RENOVASJONGEBYRET

- 6.2.1 Etter grunnngjeven søknad kan det gjevast ein gebyrreduksjon på maks 35 % i høve eit standardabonnement, jamfør punkt 6.1, til einsleg person i eige husvære, som ikkje har høve til å levere i lag med andre.
- 6.2.2 Fleire abonnementeiningar kan gå saman om avfallsbeholdarar, og gebyret vert fastsett i samsvar med dei kombinasjonane som kjem fram ved samanstilling av volum. Abonnentar som kombinerar/delar behaldarar, vil kunne oppnå ein gebyrreduksjon på maks 35 % i høve eit standardabonnement, jamfør punkt 6.1, pr. abonnementeining.
- 6.2.3 Abonnentar som heimekomposterar eller samkomposterar, vil kunne oppnå ein gebyrreduksjon på maks 35 % i høve eit standard abonnement, jamfør punkt 6.1, pr. abonnementeining. Ein føresetnad for dette er at reglane i punkt 6.3 vert etterfølgde.

SLAMGEBYR

Med heimel i “Forskrifter for innsamling av hushaldningsavfall og slamtømming” § 15, kan dei som er einslege søkje om tømning av slamavskillar/tank kvart 4. år.